

## **VEDTEKTER FOR HJELMELAND SPAREBANK**

### **KAPITTEL 1. FØRETAKS NAMN. FORRETNINGSKONTOR. FØREMÅL**

#### **§ 1-1 Namn og kontorkommune.**

Hjelmeland Sparebank er skipa 17.02.1904.

Sparebanken har sitt sete i Hjelmeland kommune.

#### **§ 1-2 Føremål**

Sparebankens føremål er å utføra forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføra, i samhøve med gjeldande lovar og gjevne konsesjonar.

### **KAPITTEL 2. EIGENKAPITALEN TIL SPAREBANKEN**

#### **§ 2-1 Grunnfondet.**

Sparebankens opphavlege grunnfond kr. 2.000,- var ytt av Hjelmeland kommune og er tilbakebetalt.

Ut over eventuelt årlig utbytte på eigenkapitalbevis, har stiftarar eller andre ikkje rett til utbytte av verksemda.

#### **§ 2-2 Eigenkapitalbevis**

Sparebanken har høve til å utferda omsetjelege og utbyttegjevande eigenkapitalbevis. Sparebanken sine utferda eigenkapitalbevis skal vera registrert i Verdipapirsentralen.

Hjelmeland Sparebank sin eigardelskapital utgjer kr 111.770.000 fordelt på 1.117.700 eigenkapitalbevis à kr 100 fullt innbetalt.

### **KAPITTEL 3. FORSTANDARSKAP**

#### **§ 3-1 Forstandarskapet.**

Forstandarskapet er den øvste avgjerdsmakta i sparebanken.

Medlemene og varamedlemene av forstandarskapet møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmaktshavar eller med rådgjevar.

#### **§ 3-2 Samansetjinga av forstandarskapet.**

Forstandarskapet skal ha 16 medlemmer med 8 varamedlemer.

- 4 medlemmer og 2 varamedlemer vert valde av og blant kundane til sparebanken, sjå § 3-4.
- 2 medlemmer og 1 varamedlem vert valde av kommunestyret kvart 4. år.
- 4 medlemmer og 2 varamedlemer vert valde av og blant dei tilsette.
- 6 medlemmer og 3 varamedlemer vert valde av eigarane av eigenkapitalbevis

#### **§3-3 Val til forstandarskapet**

Berre myndige personar kan veljast som medlemmer av forstandarskapet. Minst tre fjerdedelar av medlemmene skal vera personar som ikkje er tilsett i banken.

Medlemer og varamedlemer til forstandarskapet vert valde for 4 år.

Forstandarskapet fastset nærare instruks om vala.

Twistar om valet vert avgjorde av Finanstilsynet der dette fylgjer av lov eller forskrift.

### **§ 3-4 Medlemer til forstandarskapet valde av kundane.**

Dei kundane som bur eller har arbeidet sitt eller, når det gjeld upersonlege kundar, har sete i Hjelmeland kommune, og som har og i dei siste seks månadene har hatt eit innskot i banken på minst 2500 kroner, vel kvart år 1 medlem og 2. kvart år 1 varamedlem. Berre myndig person kan, som personleg kunde eller som representant for annan kunde, røyste ved valet.

Kundevallet i Hjelmeland kommune skal haldast på valdag etter reglar fastlagt i «Instruks til valkomiteen i Hjelmeland Sparebank».

Til forstandarar og varamedlemer kan kundane berre velje myndige, personlege kundar som har røysterett etter desse vedtektene.

Val etter denne paragrafen må haldast innan utgangen av februar.

Av dei kundevalde forstandarane som er valde ved det første valet går ein fjerdedel ut etter lottdraging kvart av dei tre første åra, og deretter dei som har gjort teneste lengst. Valkomiteen utfører lottdraginga. Medlemer som går ut kan attveljast, jfr. likevel kap. 7.

Merknad: § 3-4 vedteken i forstandarskapsmøte 28.03.2017, sak 11.b.  
§ 3-4, 4. lekken endra i forstandarskapsmøte 01.03.2018, sak 11 a.

### **§ 3-5 Medlemer til forstandarskapet valde av dei tilsette.**

Tilsette i sparebanken har røysterett ved val av tilsettes medlemer og varamedlemer til sparebankens forstandarskap.

Tilsette i sparebanken kan veljast som medlemer og varamedlemer for dei tilsette til sparebankens forstandarskap. Tilsettvald forstandar som sluttar i sparebanken, trer straks ut av forstandarskapet og skal erstattast gjennom suppleringsval ved fyrste høvet.

Val etter denne paragrafen må haldast innan utgangen av februar.

### **§ 3.6 Medlemer til forstandarskapet valde av eigenkapitalbevisigarane.**

Eigarane av eigenkapitalbevis har røysterett ved val av eigenkapitalbevisigarane medlemer til sparebankens forstandarskap.

Eigar eller utpeikt representant for eigar av eigenkapitalbevis kan veljast som medlem eller varamedlem til sparebankens forstandarskap.

Forstandarskapet fastset nærare instruks for valet til eigenkapitalbevisigarane.

Merknad: Siste lekken endra i forstandarskapsmøte 28.03.2017, sak 11.c.

### **§ 3.7 Innkalling til forstandarskapsmøte.**

Ordinært forstandarskapsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år.

Innkalling skal skje skriftlig med minst 2 vekers varsel.

Dersom dokument som gjeld saker som skal takast opp på forstandarskapsmøtet er gjort tilgjengelege for medlemene på nettsidene til sparebanken, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til medlemene. Det same gjeld dokument som etter lova skal vera del av eller leggjast ved innkallinga til forstandarskapsmøtet. Eit medlem av forstandarskapet kan likevel krevja å få tilsendt dokument om saker som skal handsamast på forstandarskapsmøtet.

Medlemer som ikkje kan møta i forstandarskapsmøtet skal melda dette til sparebanken så snart råd er og seinast fem dagar før møtet. Varamedlemer kallast inn dersom ordinære medlemer melder forfall.

### **§ 3-8 Møte og vedtak i forstandarskapet**

Kvart medlem av forstandarskapet har éi røyst.

For at forstandarskapet skal kunne treffa gyldig vedtak må minst halvparten av medlemene vera til stades.

Avgjerder i forstandarskapet vart gjorde med fleirtal av dei gjevne røystene om ikkje anna går fram av dei til ei kvar tid gjeldande reglar og desse vedtektene. Står røystene likt, gjeld det som møteleiaren røystar for.

### **§ 3-9 Oppgåvene til forstandarskapet**

På det ordinære forstandarskapsmøtet skal fylgjande saker handsamast og avgjerast:

- Val av leiar og nestleiar i forstandarskapet for 1 år.
- Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, under dette disponering av overskot/utdeling av utbyte.
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under forstandarskapet.

Forstandarskapets leiar er omfatta av reglane for kreditt til tilsette og tillitsvalde.

Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån eller fondsobligasjon vert gjort av forstandarskapsmøtet med fleirtal som for vedtektsendring.

Vedtak om eller fullmakt til ta opp annan framandkapital vert gjort av styret eller etter delegasjonsvedtak frå styret.

## **KAPITTEL 4. STYRET**

### **§ 4-1 Styrets samansetjing og oppgåver.**

Styret er på 5 medlemer og 3 varamedlemer valde av forstandarskapet. Kvart kjønn skal vera representert med minst 2 medlemer og minst 1 varamedlem. I tillegg kjem 1 medlem og 1 varamedlem vald av og blant dei tilsette

Leiar og nestleiar vert valde av forstandarskapet ved særskilt val. Leiar og nestleiar i styret vert valde for 2 år, der ein av dei er på val kvart år.

Medlemene og varamedlemene til styret vert valde for 2 år om gangen. Medlemer og varamedlemer som er på val kan attveljast, sjå likevel kapittel 7.

Oppgåvene til styret fylgjer av lov og forskrifter. Det samla styret kan fungera som sparebankens risiko- og revisjonsutval.

Merknad:§ 4-1, 1. lekken, siste setning lagt til i forstandarskapsmøte 01.03.2018, sak 11 b.

#### **§ 4-2 Administrerende banksjef.**

Sparebanken skal ha ein administrerende banksjef som er ansvarleg for den daglege leiinga av sparebanken og skal følgja den instruks og dei pålegg styret har gitt.

Administrerende banksjef vert tilsett av styret.

### **KAPITTEL. 5. VALNEMND OG UNDERVALNEMNDER**

#### **§ 5-1 Samansetjinga av valnemnda.**

Valnemnda på 5 medlemmer og 3 varamedlemmer skal ha representantar frå alle dei tre gruppene som er representert i forstandarskapet. Ho skal setjast saman slik:

- 2 medlemmer frå dei kundevalde medlemmene i forstandarskapet
- 2 medlemmer frå dei eigenkapitalbevisegarvalde medlemmene i forstandarskapet
- 1 medlem frå dei tilsettevalde medlemmene i forstandarskapet

Representantane frå dei ulike gruppene vert valde på gruppene sine valmøte. Medlemmer og varamedlemmer vert valde for inntil 2 år om gangen.

Leiar i valnemnda vert vald av forstandarskapet for inntil 2 år om gongen, etter innstilling frå valnemnda.

Merknad:§ 5-1, 3. lekken, er endra i forstandarskapsmøte 01.03.2018, sak 11 c.

Merknad:§ 5-1 endra i forstandarskapsmøte 23.03.2022, sak 14.

#### **§ 5-2 Arbeidet i valnemnda**

Valnemnda skal førebu val til forstandarskapet og styret og val på leiar av valnemnda.

Valnemndas innstilling skal grunngjevast.

Forstandarskapet fastset nærare instruks for valnemnda.

Merknad:§ 5-2 første setning endra i forstandarskapsmøte 23.03.2022, sak 14.

#### **§ 5-3 Andre valnemnder.**

- Det skal vera eiga valnemnd vald av og blant dei tilsette som førebur dei tilsettes val av medlemmer og varamedlem til forstandarskapet, styret, hovudvalnemnda og valnemnda for tilsettevalet. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 1 varamedlem. Forstandarskapet fastset nærare instruks for valnemnda.
- Det skal vera eiga valnemnd vald av og blant eigenkapitalbevisegarane som førebur deira val av medlemmer og varamedlemmer til forstandarskapet, hovudvalnemnda og valnemnda for eigenkapitalbevisegarane sine val. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 1 varamedlem. Forstandarskapet fastset nærare instruks for valnemnda.

Merknad: Siste setning i 2. strekpunkt endra i forstandarskapsmøte 28.03.2017, sak 11.d.

Merknad:§ 5-3 endra i forstandarskapsmøte 23.03.2022, sak 14.

### **KAPITTEL. 6. BRUK AV OVERSKOT OG INNDEKKING AV UNDERSKOT**

#### **§ 6-1 Bruk av overskot.**

Overskotet av verksemda til banken etter frådrag av utbyte og utdeling av gåver skal leggjast til sparebankens fond.

Årsoverskotet og utbytemidlane vert fordelte mellom grunnfondet til banken og eigardelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbyte på eigardelskapitalen, til gåver til ålmennyttige føremål eller overførast til gåvefond.

### **§ 6-2 Inndekning av underskot**

Underskot etter resultatrekneskapen for siste rekneskapsåret skal ein fyrst freista å dekkja med samhøveleg overføring frå grunnfondskapitalen, irekna gåvefondet, og den eigardelskapital som overstig vedtektsfesta eigardelskapital, irekna utjammingsfondet. Underskot som ikkje vert dekt slik, skal dekkjast med samhøveleg overføring frå overkursfondet. Underskot ut over dette skal dekkjast ved nedsetjing av vedtektsfesta eigardelskapital og eventuelt ved nedsetjing av annan kapital.

## **KAPITTEL 7. TENESTETID. ALDERSGRENSE**

### **§7-1 Tenestetid for tillitsvalde.**

Ein valt medlem av eller leiar for forstandarskapet eller styret kan ikkje ha tillitsvervet i eit samanhengande tidsrom lenger enn 12 år eller ha desse tillitsverva i eit lengre samla tidsrom enn 30 år. Ein person kan ikkje veljast eller attveljast til eit av desse verva dersom han på grunn av føresegnene i førre setninga ikkje kan sitja valbolken ut.

### **§ 7-2 Tenestetid i valnemnder**

Ingen kan sitja som medlem av valnemnd i meir enn 6 år (3 bolkar) samanhengande. Det er ikkje sett nokon avgrensing mot samla tid totalt i valnemndene, men dersom ein medlem i valnemnd ikkje lenger er medlem i forstandarskapet går vedkomande ut av nemnda.

### **§ 7-3 Aldersgrense.**

- Høgste aldersgrense for administrerande banksjef og fast tilsette tenestemenn i banken fylgjer den til ei kvar tid gjeldande aldersgrense i Arbeidsmiljølova § 15-13 a. I Hjelmeland Sparebank er aldersgrensa sett til 70 år
- Det er ikkje sett aldersgrense for tillitsvalde i forstandarskap og styre.

Merknad: § 7-3 er endra i forstandarskapsmøte 01.03.2018, sak 11 d.

## **KAPITTEL 8. VEDTEKTSENDRINGAR**

### **§ 8-1 Vedtektsendringar.**

Endring av desse vedtektene kan vedtakast av forstandarskapet. Avgjerd om å endra vedtektene i sparebanken krev stønad frå minst to tredeler av dei gjevne røystene.

## **KAPITTEL 9. AVVIKLING**

### **§ 9-1 Avgjerd om avvikling av sparebanken.**

Forstandarskapet tek stilling til styrets forslag om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling skal gjerast med same fleirtal som for vedtektsendringar.

### **§ 9-2 Disponering av kapitalen til sparebanken ved avvikling.**

Ved avvikling av sparebanken, skal sparebankens overskytande midlar, etter at alle skyldnader er dekte, overførast til ei eller fleire sparebankstiftingar.

## **KAPITTEL 10. GYLDIGHET**

Desse vedtektene tek til å gjelde straks naudsynt godkjenning frå Finanstilsynet er motteken og melding er sendt Brønnøysundregistra.

Desse vedtektene er vedtekne av forstandarskapet for Hjelmeland Sparebank i møte 10. november 2016.

Trygve Brandal  
Leiar i forstandarskapet

Merknad:

1. Vedtektene er godkjende av Finanstilsynet, referanse 16/13481, jfr. brev datert 22.12.2016.
2. Endringar i §5 vedtekne av forstandarskapet i møte 23. mars 2022.